

Herøy kommune,
Postboks 274,
6099 Fosnavåg.

PROSJEKT «MYKLEBUSTVATNET NATURSTI». SØKNAD OM OPPSTART REGULERINGSPLAN.

I prosjektstyret sitt møte 18.06.20 vart det gjort slikt protokollering og vedtak:

Prosjektstyret la i sine drøftingar vekt på å sikre ein ryddig og oversiktleg prosess der den einskilde grunneiar sine rettar og samfunnet sine interesser vert ivareteke i samsvar med plan- og bygningslova. Med så mange berørte grunneigarar kombinert med sterke reguleringar av naturreservatet, finn styret det rett å gjennomføre ein ordinær reguleringsplanprosess. Dette sikrar formell og balansert ivaretaking av alle berørte sine interesser.

Vedtak:

1. *Prosjektstyret vedtek å sende søknad om oppstart av reguleringsplan for prosjektet Myklebustvatnet natursti.*

BAKGRUNN.

Prosjektstyret har sidan oppstart informert alle grunneigarane skriftleg om prosjektstyret sitt arbeid. Det er tilsaman kring 135 direkte berørte grunneigarar som grensar opp til Myklebustvatnet naturreservat.

Prosjektstyret har og gjennomført møte med fylkesmannen. Fylkesmannen rår og til at det vert iverksett reguleringsplanarbeid.

Prosjektstyret si vurdering er at det er berre eit styrt reguleringsplanarbeid som sikrar ein ryddig og oversiktleg prosess der både den einskilde grunneigar sine rettar og samfunnet sine interesser vert ivareteke slik det framgår av plan- og bygningslova.

ØKONOMI.

For gjennomføringa av ein reguleringsplanprosess må prosjektstyret engasjere ekstern konsulentfirma med relevant kompetanse. Det vert å gjennomføre vanleg utlysing og innhenting av tilbod i samsvar med regelverket.

Kostnadane ved reguleringsplan vert å belaste prosjektet. Herøy kommune har løyvd kr. 1,2 mill. for 2020, og Sparebank1 Søre Sunnmøre har gitt tilsagn om kr. 1,0 mill ved oppstart av arbeidet. Prosjektet disponerer såleis kr. 2,2 mill.

KONKLUSJON.

Prosjektstyret «Myklebustvatnet natursti» søker om løyve til å sette i gong reguleringsplan for prosjektet i samsvar med plan- og bygningslova sine bestemmelsar. Kostnadane ved reguleringsplanarbeidet vert å dekke av løyvde prosjektmidlar.

6092 Fosnavåg 08.07.20

Bjørn Martin Aasen
Leiar prosjekstyret.

